



## MØTEBOK

### Forskrift om gebyr i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, landbrukssaker og saker etter veglova for 2026

Utval sak	Utval	Møtedato
67/25	Formannskapet	25.11.2025
54/25	Kommunestyret	11.12.2025

#### Vedlegg:

- 1 Saksprotokoll Forskrift om gebyr i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, landbrukssaker og saker etter veglova 2026 - på høyring
- 2 forslag til Forskrift om gebyr for 2026
- 3 Forskrift om gebyr 2025 - vedtatt 18.12.24

#### Innstilling frå kommunedirektøren:

Fitjar kommune vedtek lokal forskrift om gebyr for i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, og landbrukssaker og saker etter veglova for 2026.

Forskrifta vil tre i kraft frå 01.01.2026. Gebyrregulativet vedteke for 2025 opphøyrer samstundes å gjelda.

Vedtaket er fatta i medhald av pbl § 33-1 (1).

### Saksprotokoll i Formannskapet - 25.11.2025

#### Behandling:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) la føre følgjande framlegg til vedtak:

Fitjar kommune vedtek lokal forskrift om gebyr for i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, og landbrukssaker og saker etter veglova for 2026, med fylgjande endringar:

Gebyransatsar frå 2025 blir endra tilsvarende lønnsjustering på 4 % for alle områder.

Kommunestyret ynskjer ein ekstern gjennomgang av gebyrregulativet fram til neste års revidering.

Kostnadar med dette må takast inn i økonomiplan for 2026.

Forskrifta vil tre i kraft frå 01.01.2026. Gebyrregulativet vedteke for 2025 opphøyrer samstundes å gjelda.

Vedtaket er fatta i medhald av pbl § 33-1 (1).

Formannskapet drøfta saka.

Ved røysting vart innstillinga frå kommunedirektøren sett opp mot framlegget frå Tislevoll (H).

Framlegget frå Tislevoll (H) vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Fitjar kommune vedtek lokal forskrift om gebyr for i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, og landbrukssaker og saker etter veglova for 2026, med fylgjande endringar:

Gebysatsar frå 2025 blir endra tilsvarande lønnsjustering på 4 % for alle områder. Kommunestyret ynskjer ein ekstern gjennomgang av gebyrregulativet fram til neste års revidering.

Kostnadar med dette må takast inn i økonomiplan for 2026.

Forskrifta vil tre i kraft frå 01.01.2026. Gebyrregulativet vedteke for 2025 opphøyrer samstundes å gjelda.

Vedtaket er fatta i medhald av pbl § 33-1 (1).

## **Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2025**

**Behandling:**

Tilråding frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Fitjar kommune vedtek lokal forskrift om gebyr for i byggje-, plan-, seksjonerings-, matrikkel-, og landbrukssaker og saker etter veglova for 2026, med fylgjande endringar:

Gebysatsar frå 2025 blir endra tilsvarande lønnsjustering på 4 % for alle områder. Kommunestyret ynskjer ein ekstern gjennomgang av gebyrregulativet fram til neste års revidering.

Kostnadar med dette må takast inn i økonomiplan for 2026.

Forskrifta vil tre i kraft frå 01.01.2026. Gebyrregulativet vedteke for 2025 opphøyrer samstundes å gjelda.

Vedtaket er fatta i medhald av pbl § 33-1 (1).

**Bakgrunn:**

Fitjar kommune må vedta ny gebyrforskrift for saker som vert handsama etter fylgjande lover:

- Plan- og bygningslova
- Matrikkellova
- Eigarseksjonslova
- Hamne- og farvasslova
- Konesesjonslova
- Jordlova
- Veglova

Gebyrforskrifta for Fitjar er basert på prinsippet om sjølvkost etter vedtak i Fitjar kommunestyre.

Forskrifta vert revidert kvart år og skal kunngjerast på Lovdata.

Ved utforming og revidering av forskrifter skal saka først leggjast ut på høyring i seks veker før vedtak og deretter publiserast på Lovdata. Gebyrforskrifta for 2026 vart i formannskapet 24.09.2024 i PS 46/25 vedteken lagt ut på høyring i 6 veker til 14.11.2025.

Det er ikkje kome inn høyringsfråsegner i høyringsrunden til forskrifta.

Saka blir no lagt fram for formannskapet og kommunestyret for endeleg vedtak. Etter endeleg vedtak skal forskrift for 2026 kunngjerast som lokal forskrift på Lovdata (lovdata.no) og gjelda frå 01.01.2026.

### **Endringar i høve gebyrregulativet for 2025:**

Forslag til endringar frå forskrift 2025 til forskrift 2026 er merka med **raudt** i forskrifta for 2026. Endringane er lista opp og gjennomgått i PS 46/25 der det vart vedteke å leggja gebyrforskrifta ut på høyring.

Gebyrforskrifta har lege ute på høyring i 6 veker, etter annonsering i Bladet Sunnhordland og på heimesidene til kommunen. Det er ikkje kome merknader i høyringsrunden.

Det er ikkje gjort endringar i gebyrforskrifta etter høyringsrunden.

### **Oppsummering og konklusjon:**

Kommunedirektøren meiner forskrifta er oversiktleg, og står godt i samsvar med faktisk utført arbeid. For å oppnå sjølvkost må det leggjast på ein høgare prisauke enn antatt kommunal deflator på nokre av gebyrpostane. Særleg ser me at tidsbruken kommunen har brukt på dispensasjonar som krev uttale jamt over har vore langt større enn tidsbruken gebyrforskrifta for har lagt opp til for slike saker. Det er også gjort nokre mindre endringar for å fange opp sakstypar administrasjonen har hatt utfordringar med å fastsetje rett gebyr, og å differensiere meir etter storleik på tiltak.

På bakgrunn av dette meiner kommunedirektøren at forskrifta kan vedtakast som framlagt. Etter at gebyrforskrifta er vedteken vert den lagt ut på heimesidene til kommunen og kunngjort på Lovdata i medhald av forvaltningslova § 38. Forskrifta vil tre i kraft frå 01.01.2026.

Steinar Dalland  
kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.